



Gloppen kommune

Plan og utgreiing

Mottakarar i følge liste

Vår ref.

18/14875

Dato

16.11.2018

Referat frå landsbyrådet 13. november 2018

Sak	Ansvar
<p>1. Avklaring av roller/mandat</p> <p>Det har vore to møte i landsbyrådet. Dette var første møte Leidulf Gloppestad – som har observatørstatus i rådet – deltok. Vi brukte litt tid på møte å sjekke ut forventningar i forhold til mandat. I kommunestyresaka står det at landsbyrådet skal vere eit fora for idemyldring og faglege innspel omkring utvikling av kommunesenteret Sandane. Vedtak vert gjort i andre fora. Kommunesenteret skal vere eit attraktivt handelssenter, med gode møteplasser, der alle innbyggjarane i kommunen kjenner seg velkomen. Det skal vere eit triveleg sentrum som tiltrekkjer seg besøkande, med varierte aktivitetstilbod og nære opplevingar. Det skal lagast ein årleg handlingsplan som vert lagt fram politisk.</p> <p>Ordføraren sine forventningar til rådet var at dei bidrog til meir halvkreativ galskap i sentrum, med så mange kreative folk samla. Han ønskjer seg aktiviteter som styrker Sandane som kommunesenter og handelsstad. Dei som deltek i rådet må vere motivert og ha lyst til å bidra i utvikling av kommunesenteret. No prøver vi ut denne organiseringa, og ser om den fungerer slik vi ønskjer.</p> <p>Andre innspel i møte: vi skulle gjerne hatt eit romsleg budsjett for å gjennomføre tiltak. No er ikkje dette situasjonen i kommunen, men difor er det ekstra viktig med eit fora som koordinerer aktørar som vil bidra til utvikling, og at vi etablerer møteplass for dei som vil dra i gang noko. Alle har vi noko å tene på eit attraktivt kommunesenter som ein spydspiss for kommunen vår. Så får vi jobbe for at gode idear kan gje utteljing på eksterne midlar til berekraftig tettstadutvikling, og krevje mindre av kommunale midlar.</p> <p>Arbeidsform i rådet – viktig at vi oppsummerer saker og avklarar kva vil vel å jobbe vidare med undervegs i møte.</p>	
<p>2. Bylivskonferansen i Ulsteinvik</p> <p>Frå kommunen deltok Åslaug Haugset, Toril Berge og Birte Fossheim. Alle foredraga ligg filma og tilgjengeleg på nett på Bylivssenteret si side. Kunnskapsbygging er alltid viktig i utviklingsarbeid. Vi har mykje å lære av kva</p>	

<p>andre har lukkast med. Frå denne konferansen tek vi med oss mykje til eige lokalsamfunn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • korleis offentleg investeringar/bygg kan bidra til god sentrumsutvikling ved at fleire kan bruke bygg og uterom på ettermiddagstid. «Livet mellom husa avgjer om vi har lukkast» • Biblioteket si viktige rolle som møteplass – offentleg gratis tilbod, for alle aldersgrupper. • Sette farge på sentrum, kunst i offentleg rom – skape debatt rundt korleis vi vil ha det. Born si plass i sentrum. <p>Det var også ønske om ei eiga facebookgruppe for medlemmane i landsbyrådet for deling av informasjon.</p>	<p>Birte</p>
<p>Jul i fjordlandsbyen</p> <p>Det er ønskeleg med aktivitetar på heradsplassen kvar laurdag i desember. Representantane i landsbyrådet var villig til å stå på stand ein laurdag kvar. Vi vil oppmode lag- og organisasjonar, kulturaktørar om å komme med innspel til aktivitetar i sentrum. Tid frå kl 12 – 14. Knut Roger og Birte jobbar vidare med stand for landsbyrådet. Og så hadde det vore utruleg artig om vi hadde klart å fått på plass ein landsbynisse kvar laurdag på torget i desember.</p> <p>1. desember – Hanne og Birte 8. desember – Bjarte og Knut Roger 15. desember – Solveig (?) Birte/Beate Kornberg 22. desember – Ingvill og Leidulf</p> <p>Vi ønskjer å bruke plassen mellom Gloppebua og Heradshuset til torg på laurdagar. Birte avklarar bruk av området med eigarar. Vi må også avklare bruk av heradsplassen, og om det er ei slags bookingordning for dei som står der i dag. Hugs at juletresejlarane bruker same området i desember.</p> <p>Veldig positivt at Breimsbygda stiller med fleire lag- og organisasjonar på stand laurdag 8. des i Sandane sentrum! Vi kan oppmode fleire om å ta etter og bruke kommunesenteret for å marknadsføre sine aktivitetar.</p>	<p>Knut Roger/ Birte</p> <p>Birte</p>
<p>Aktivitetsplan</p> <p>Landsbyrådet planlegg med ein landsbylaurdag i månaden. Vi oppmodar i utgangspunktet aktørar til å bidra gjennom å marknadsføre sine aktivitetar, ikkje mot betaling. Det er fritt fram for vaffelsal, loppemarkand ol. I få å tene pengar til sitt lag/organisasjon om ein ønskjer. Lov å vere kreativ.</p> <p>Vi ønskjer å bruke området mellom Heradshuset og Gloppebua. Det er ikkje varelevering på laurdagar, så vi sjekkar opp i mulegheit for å bruke gata til torgsal, buer og aktivitetar.</p> <p>Det er også ein mulegheit for å bruke trappa på heradshuset som scene. Her er det ein markise som kan brukast som scenetak. Kulturskulen har brukt å nytte dette området for sine konsertar.</p> <p>Framlegg til aktivitetsplan vart lagt fram for landsbyrådet. Hanne og Birte får eit spesielt ansvar for å gjere avtale med kulturaktørar som vil bidra med aktivitetar</p>	<p>Hanne/ Birte</p>

på landsbylaurdagar. Planen vil bli lagt fram politisk med dei prinsippa landsbyrådet har lagt til grunn for landsbylaurdagar.	
<p>Landsbykonferanse i 2019</p> <p>Birte presenterte eit ideutkast til landsbykonferanse i 2019. Målgruppa for ein slik konferanse er lokalt næringsliv, butikkeigarar, kulturaktørar, utbyggjarar og innbyggjarar flest. Formålet er kunnskapsbygging lokalt for saker som er viktig for utvikling av fjordlandsbyen, samtidig som det byggjer kollektivt engasjement og inspirasjon for samskaping. Det er ønskje frå landsbyrådet å arrangere ein slik konferanse, men ikkje før i slutten av oktober/byrjinga av november 2019. Det vil bli jobba vidare i ein programkomite med Ingvill, Knut Roger, Øystein og Birte.</p>	
<p>Andre tiltak</p> <p>Festivalforum har fått løyve til å bruke veggjen på Heradshuset til å henge opp banner under festivalar i kommunen. Det er avtalt fast storleik på bannerne med festivalforum, slik at opphengssystemet vert enkelt og standardisert.</p> <p>Padleklubben er på jakt etter lager/naust. Hadde vore flott for fjordlandsbyen og hatt tilbod til dei i sentrum. Vi set Knut Roger på saka.</p>	<p>Hanne</p> <p>Knut Roger</p>

Vennleg helsing

Birte Fossheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til

Geir Liavåg Strand
Jan Kåre Fure

Vedlegg

Aktivitetsplan Fjordlandsbyen Sandane 2019 1379350 16.11.2018

Mottakarar

Bjarte Gangeskar 6827 BREIM
Hanne Bergliot Oftedal v/
Festivalforum
Ingvill Hestenes v/ Gloppen
Næringsorganisasjon
Knut Roger Berge Nesdal
Leidulf Gløppestad
Roar Henden v/Representant

Mottakarar

grunneigarar

Solveig Lien Gusdal

Øystein Skinlo v/ Butikkgruppa

6823

SANDANE